

Informasjon til føresette til elevar ved Haram vidaregåande skule

Situasjonen vi no står oppe i, med alle dei avgrensingar og restriksjonar som alle i samfunnet vert pålagt, er krevjande. Både for elevar, foreldre, lærarar, skulen, ja alle. Skulen skal gjere det beste ut av situasjonen og denne e-posten skal klargjere kva skulen gjer i praksis, korleis vi sender ut informasjon og korleis melde inn spørsmål.

Elevanes undervisning

Vi vil arbeide for å organisere undervisninga mest mogleg forutsigbar for elevane. Timeplanen går mest mogleg som normalt, elevane held kontakt med lærarane i dei ulike fagromma i ItsLearning. Elevane skal kunne kommunisere direkte med lærarane, anten via video, e-post, telefon eller meldingar i ItsLearning. I alle fagrom skal det ligge arbeidsplaner. Alle elevar har tilgang på Office 365 gjennom skulen. Særleg no i starten vil vegen måtte bli til mens vi går. Måndag opplevde vi at dei ulike systema ikkje klarte belastninga av at alle elevar i heile Noreg fekk undervisning via teknologiske løysningar. Vi reknar med at dette vert betre etterkvart som systemleverandørane får litt tid til å oppgradere sine løysningar. For mange av lærarane er dette ein heilt ny måte å arbeide på, ein må prøve og feile, det skal lærast.

Vi har tilsette som på heimebane har omsorgsoppgåver som kan kome i vegen for at alle timar kan haldast som normalt etter timeplanen. Vi har og tilsette med ektefellar i helsesektoren eller andre kritiske sektorar som har fått eit ekstra omsorgsansvar. Elevane skal då få beskjed om dette, slik at dei kan kommunisere med læraren på eit anna gitt tidspunkt. Tida som kjem vil gi mange utfordringar, både teknisk, men og pedagogisk. Vårt mål er at elevane skal ha størst mogleg læringsutbytte under dei rådande forhold og arbeidar aktivt for å gje dei dette.

Vurdering

Årsplanen skal i størst mogleg grad følgjast. Lærarane må i samarbeid med elevane finne fram til vurderingsformer som gjer at elevane får vurderingsgrunnlag slik at lærar til slutt kan sette standpunktkarakter. Situasjonen vil uansett skape utfordringar for både elevar og lærarar, og begge parter må vise smidigheit. Ingen veit per i dag kor lenge skulen vil vere stengt, og vi kan kome opp i den situasjonen at elevane skal ha karakterar basert på fjernundervisning resten av skuleåret.

Eksamen

Dersom skulane vert stengde i eksamenstida, vil det ikkje skape problem for elevane. Utdanningsdirektoratet (<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/>) vil i så fall annullere eksamen og på den måten sikre at elevane får godkjent vitnemål. Elevane må uansett, så langt vi kan sjå, ha sluttvurdering (standpunktkarakter), då det for denne ikkje finst unntak. Dersom skulen er tilbake i normal drift til eksamen, kan eksamen gå som planlagt. Som alle forstår, er det på dette tidspunktet svært usikkert kva situasjonen vi vil vere i mai.

Tekniske utfordringar

Vi har, som sagt, sett at det tidvis kan vere utfordringar med kapasitet og stabilitet i nokre av dei tekniske løysningane. Dette forventar vi skal betre seg. Dei ulike systema får no ein heilt anna belastning enn ein normalsituasjon skulle tilseie. Skulen sin IT-ansvarlige (Henning Ødegård) er på skulen gjennom heile arbeidsveka, og kan hjelpe den enkelte. Send e-post til henning.odegard@mrfylke.no dersom det er noko de tenkjer han kan hjelpe med.

Informasjon

Skulen brukar ItsLearning som primær informasjonskanal ovanfor elevane. Det er i hovudsak kontaktlærar som sender ut fellesinformasjon, medan faglærarane tek seg av fagrelatert informasjon. Vi oppdaterer og skulen si heimeside (www.haram.vgs.no) etter kvart som ny

informasjon kjem til. Vi gjer merksam på at skuleeigar og har ein del informasjon på sine heimesider (www.mrfylke.no).

For dei fleste elevar har vi registrert e-postadresse for berre ein av dei føresette. Vi ber difor den som har mottatt denne e-posten om å vidarese den til den andre føresette. Dersom det er nokon som ønsker å stå på e-post-lista, sender de ein e-post om dette til underteikna. Vi kompletterer e-post-lista fortløpande.

Dersom nokon har spørsmål eller innspel, send dei til underteikna via e-post: jan.magne.helland@mrfylke.no . Vi skal vi svare best vi kan.